



Kommuneposten

Informasjonsavis for Hemsedal kommune

Mars 2009



Hemsedal kommune og Nav Hemsedal

Opningstider i påska 2009

måndag	6. april kl 10.00 - 14.00
tysdag	7. april kl 10.00 - 14.00
onsdag	8. april kl 10.00 - 12.00

Skjærtorsdag og langfredag stengt.



Hemsedal kommunehus - opningstider:

Send e-post til: postmottak@hemsedal.kommune.no

Opningstid: kl. 09.00-15.00, tlf. 31 40 88 00, faks 31 40 88 30

Skattekontoret / Skatt Sør (Folkeregister): Kontoret i Hemsedal er ope kvar torsdag kl 09.00 - 15.00, kontoret på Gol er ope alle dagar, eller ring landsdekkande tlf. **800 80 000**

NAV Hemsedal: Ope kvar dag kl. 09.00-15.00, tlf. **31 02 85 85**

Hemsedal folkebibliotek: tysdag og laurdag kl 11.00 - 14.00,
tysdag, onsdag og torsdag kl 17.00 - 20.00
tlf. **31 40 89 50**

Bygdearkivet: Ope i tidsrommet 01.11.08—31.05.09, kvar tysdag kl 17.00-20.00.

Frist for innlegg til neste kommunepost, sjå kommunen sine nettsider:
www.hemsedal.kommune.no



* Ordføreren sitt hjørna *

Den mest omtala saka i alle media det siste halve året er finanskrisa. Sidan september har mykje endra seg rundt om i verda, og også i Norge. Kor langvarig denne nedgangstida blir er det ingen som veit sikkert. Spådomane er mange, men i samband med at styringsrenta på ny vart sett ned i går, er det prat om både 2011 og 2012. Norge og Hemsedal er råka mindre enn mange kva tilfellet er rundt oss elles, og godt er det. Likevel, kva som skjer utover sommaren og komande vinter blir spanande. Kommunen og lokalsamfunnet er svært sårbare for eventuelle nedgangar i sysselsetting og aktivitet. Det er viktig at alle aktørar pratar godt saman.

Staten har sett inn 2 tiltakspakker etter nyttår. Den fyrste på 20 mrd kom sist i januar, og var retta mot kommunar og næringsliv. Dette var ei tiltakspakke for sysselsetting. Der fekk kommunane 6,4 milliardar til auka innsats på vedlikehald og for å kompensere reduserte inntekter/skattesvikt. Hemsedal fekk kr 1,3 million til ekstra vedlikehald. Formannskapet prioriterte bruken av desse pengane i går, og av ei lang liste på vegar og bygg, vart nytt taktekke og betre isolering av taket på nordbygget på Hemsedal Barne- og Ungdomskule prioritert fyrst. Dette taket er frå tidleg på 70-talet. Elles er andre ENØK-tiltak prioriterte.

Kommunestyret skal i møtet 2. april handsame sak om bygging av symjebasseng. Hemsedal er ein av veldig få kommunar som ikkje har basseng. Det har vore planar om bygging fleire gonger dei siste 40 åra, men grunna kostnader har det vorte sett ut. Dette må me prøve å få til denne gongen. Det har vore ei brei samansett gruppe som har arbeidd med denne saka, og som no har klar ei førebels skisse. Formannskapet tilrår at me skal bygge det som heiter "varmealternativet". Det er eit 12,5 m basseng som også kan nyttast til behandlingsseng og det er eit barnebasseng i tillegg. Det er også tenkt å ha sittegrupper, boblebad og badstu. Dette blir eit mini velværesenter. Grunnen til at gruppa og formannskapet føreslår dette, er tilbakemeldingar frå andre kommunar at det er dette som gjer best grunnlag for drift. Desse anlegga er meir besøkt enn vanlege symjehallar, og det

Forts. neste spalte

dekkar behova våre for skulebruk og behandlingsseng.

Prosjektgruppa skal arbeide vidare og legg fram eit forprosjekt som inneheld teikningar/skisser for bygget med kostnadsoverslag og finansiering. Slik det ser ut så langt ligg det an til å bli eit spleiselag mellom helselaget, næringslivet og kommunen, der kommunen må ta den største delen. Det er også mogleg å få tippemidler til bassenget. Dette forprosjektet skal leggjast fram for kommestyret før sommaren.

Den nemnde tiltakspakka har også styrka Enova for å kunne gje meir tilskot til ENØK-tiltak for både kommunar, næringsliv og private. Husbanken har også fått auka rammer for finansiering og tilskot til sjukeheimar og omsorgsbustadar. Hemsedal kommune treng fleire omsorgsbustader, og det skal derfor før sommaren leggjast fram eit forprosjekt for bygging av nye bustader. Dette vil også gje auka aktivitet for byggenæringa.

God påske!

Helsing Oddvar Grøthe
ordførar



* Informasjon *



Hemsedal kommune sitt legat

Kommunen har tidlegare hatt mange legat, men i 1996 godkjente Fylkesmannen at dei kunne slåast saman til eitt - Hemsedal kommune sitt legat.

Legatet har ein grunnkapital som ikkje kan nyttast, men den årlege avkastninga av denne kan delast ut til personar som ut frå psykiske eller fysiske behov treng praktisk hjelp for å kunne taka del i aktivitetar.

Søkjjarane må vere busette i Hemsedal.

Det er Hovudutval for Livsløp er styre for legatet, det er også dei som administrerer det. Utdeling av midlar skal skje ca 15. januar kvart år etter kunnngjering med søknadsfrist.

Utdeling for 2009 er gjort, søknadsfrist for tildeling 2010 vert kunnngjort til hausten.



Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet er eit partipolitisk uavhengig råd oppnemnt av Kommunestyret. Alle kommuner skal ha eit slikt råd.

Det skal vera eit rådgjevande organ for kommunen, og skal få førelagt saker som gjeld alle grupper av menneske med nedsett funksjonsevne sine levekår og interesser, samt sikre deltaking og likestilling i samfunnet.

Rådet kan og sjølv ta opp saker, og det bør vera representert i råd, utval og komitear som vedkjem deira livssituasjon.

Rådet skal ikkje handsame saker som gjeld einskildpersonar.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2007-2011:

Camilla C. Underland, leiar
Nina Berntsson, nestleiar
Inger Marie Engene, medlem



Biblioteket - opningstider påska 2009

I samband med påska er
Hemsedal folkebibliotek ope
laurdag 4. april kl. 11.00 - 14.00
tysdag 7. april kl. 11.00 - 14.00 og 17.00 - 20.00

Hugs trøllkveld for vaksne
måndag 6. april kl. 20.00!

God påske!

* Val 2009 *



VAL Stortingsvalet 2009 Valdagen er 14. september.

Valkretsane er dei samme som tidlegare; Tuv, Trøim og Ulsåk.

På valdagen må du stemme i den kommunen du er registrert busett/ manntalsført pr. 30. juni. Førehandsrøyste kan du gjere i kva som helst kommune i perioden 10.08- 11.09.09.

Vallova krev at ein veljar som er ukjent for stemmemottaker skal legitimere seg, så ta med legitimasjon når du skal stemme.

Kommuneposten vil informere om valet også i neste utgåve.

Vil du ha meir info om valet kan du gå inn på www.valg.no

* Kultur- og oppvekst*



Hundeeigar!

Det er flott å koma seg ut på tur med hunden sin i den fine naturen som er i Hemsedal.

Vi i Ulsåk barnehage er ofte på tur i nærområdet og det er ikkje like moro å koma etter alle som har vore på tur med hunden sin og som har gløymt att posen heime – *denne vesle svarte posen til å ta med seg alt hunden legg ifrå seg på turen.*

Dette gjeld både langs gangvegen og spesielt er det registrert store mengder hundebæsj ved skiløypa frå Moen camping og vestover. Dette er eit område barnehagebarna brukar mykje.

Vi har derfor ei oppfordring til alle hundeeigarar om å hugse posen neste gong de er på tur og BRUK den også ved behov.

Då kan det bli triveleg å ta med barna ut i løypene og det gjer heller ikkje noko om dei skulle falle litt på ski, eventuelt legge seg litt i snøen som barn ofte gjer.

Takk for at du vil vera med å skape eit triveleg turmiljø i Hemsedal for ALLE.

Ulsåk barnehage

Velkomen til basar tysdag 31. mars kl 18.00 - 20.00 i gymsalen på Tuv skule



For sjette gong vert det arrangert basar til inntekt for Hiv-hospitalet i St. Petersburg.

Major i Frelsesarmeen Eli Nodland Hagen vil gje oss oppdatert informasjon.

Program denne kvelden:

- Kort orientering ved major Eli Nodland Hagen
- Salsbodene opnar. Utruleg mykje fint og kjekt å få kjøpt. Alt er laga av elevane.
- Noko å bite i medan vi sel årer (lodd)
- Basar med gevinstar frå bedrifter og private.

Hugs! Det er lurt å ha rikeleg med tikrone- og tjuekronemynt denne kvelden!

Små og store håper på fullt hus på Tuv skule!

Hjarteleg velkomen!



Huskonsert

Velkommen til uhøgtidleg huskonsert med elevar frå musikk- og kulturskulen!

Tid: tysdag 31.mars 2009, kl. 18.30

Stad: Bygdaheimen

Fri inngang.



"Birgit med børsa"

Arbeidet med musikalen vår, "Birgit med børsa" er vel i hamn, og me er kjempefornøgde!



Alle stod på for fullt i lange tider, og me fekk løn for strevet. Det vart ein stor suksess, med fire fulle hus. Dei unge aktørane imponerte stort, på så mange måtar, og det var moro å sjå utviklinga etter kvart som musikalen tok form.

Sønnev Skrede hadde laga eit flott manus, Tori Snerte arrangerte flotte melodiar, og Catherine Sjong koreograferte flotte dansar. Kunne det bli betre? Eit stort, dyktig band og fyndig mannskor sette prikken over i'en.

Takk til alle som var med og hjelpte oss på alle måtar, både med ei hjelpande hand og med sponing av ymse slag!

Me hadde ikkje fått det til utan dykk.

Vel blåst alle!

Kirsten Lund

* Pleie og omsorg *



Ferievikarar innan pleie og omsorg

Like sikkert som sommaren kjem, like sikkert er det at vi treng ferievikarar.

Til deg som har eller ønskjer erfaring innan pleie og omsorg, institusjonskjøkken eller vaskeri har vi ledige stillingar som ferievikar i eit engasjert og triveleg miljø.

Ved spørsmål ta kontakt med Kirsten Marie

Brenno på tlf. 31 40 88 62.

Fullstendig utlysningstekst på:

www.hemsedal.kommune.no.

Søknadsfrist: 27. mars 2009.



Ope hus - ulike arrangement ved Bygdaheimen

Uformell huskonsert med Musikk- og Kulturskulen 31.3.09, sjå annonse Huskonsert.

Historie- og underholdningskveld på Bygdheimen ved Arne Gauteplass og Jostein Sandmark
tysdag 5. mai kl 17.30
Velkommen!

* Helse *



Legetjenesten:

Ventetid på kontoret:

Som vanlig blir det endel ventetid om vinteren. Vi forsøker å sette opp mindre faste pasienter, men det kan komme opptil 15-20 øyeblikkelig hjelp i tillegg til de vanlig oppsatte pasientene, så vi ber om forståelse for at det kan bli mer ventetid enn dere er vant til.

Laboratoriet:

Vi minner om at laboratoriet ikke åpner før kl 09.00 mandagene, de andre dagene er det fra kl 08.30.

Medisinbestilling:

Husk å bestille medisiner i god tid før glasset er tomt, og ha helst medisinglassene foran deg når du bestiller. Dette gjør at det er mindre sjanse for feil bestilling. Vi kan ikke garantere at du kan få medisiner samme dag selv om du bestiller tidlig på dagen.

* Teknisk etat *

Regionale miljøltskot 2008

Syner til søknadsskjema sendt ut av Fylkesmannen i Buskerud, Landbruksavdelingen i juli.

Nærmare informasjon på www.fmbu.no.





SMIL tilskot

Frist for å søkje SMIL tilskot for 1. halvår 2009 er **1. april 2009**.

Det er mogleg å søkje på følgjande tiltak:

- Tiltak for å bevare og fremje biologisk mangfald i kulturlandskapet.
- Tiltak for å bevare og halde gamal kulturmark i hevd.
- Tiltak so legg til rette for ferdsel til fots og oppleving av landbrukets kulturlandskap gjennom friluftsliv og rekreasjon.
- Tiltak for bevaring og skjøtsel på og omkring kulturminne og kulturmiljø.
- Tiltak for å setje i stand og vedlikehalde freda og verneverdige bygningar i landbruket.
- Andre tiltak som er viktige for kulturlandskapet, men som ikkje kjem inn under nokon av punkta ovafor.

Det er i fyrste omgang søkjarar av produksjonstilskot i landbruket som blir prioritert. Søknadsskjema finnes under www.slf.dep.no

Sesongarbeidar som ressurs - er du sesongarbeider eller arbeidsgjevar i Hemsedal - ta del i vår spørreundersøking.

Hemsedal kommune har saman med Lærdal og Aurland kommune starta eit samarbeid omkring sesongarbeider som ressurs. Saman ønskjer me å kartleggje sesongarbeider sine behov, men også avdekke kva for potensial denne gruppa representerer som framtidig tilflyttarar.

Det er også interessant å sjå nærmare på om ein sesongarbeider kan vere interessert i å jobbe i Hemsedal om vinteren, og i til døme Aurland eller Lærdal om sommaren.

Ein ønskjer også å få svar på korleis arbeidsgjevar rekrutterer sesongarbeidarar, og korleis dei ser på sesongarbeider som ressurs for framtida.

Er du sesongarbeider, eller arbeidsgjevar ber vi deg gå inn på kommunen si nettside, www.hemsedal.kommune.no og svar på våre spørsmål elektronisk. På førehand takk.

Evt. spørsmål kan rettast til Ola K. Frogner,

tlf 31 40 88 00,

e-post: ola.frogner@hemsedal.kommune.no

Studietur til Austerrike

Ein delegasjon på 13 personer frå Hemsedal, 3 frå administrasjonen og 9 politikarar deltok på ein studietur til Austerrike.

Heilskapen ved ein slik oppleving ligg i både møte med representantar frå kommunal admnistrasjon, skiheisselskap og turistkontor, flotte naturopplevingar og visuelle inntrykk, saman med gode drøftingar undervegs. Det var 6 destinasjonar som vart besøkt.

Felles for alle destinasjonene er at turisme er ei sentral houvudnæring, noko som trigger vidare satsing. Samstundes, dei aller fleste overnattingsbedriftene er familiedrevne og opplever no store utfordringar ved generasjonsskifte. Vil nokon overta det foreldre og besteforeldre har bygd opp gjennom mange år?

Fellesnemnar for alle områdene er:


- Reinvestering. Stor vilje til å gjere investeringar som ikkje direkte er lønsame
- Aktive og delaktige kommuner.
- Spleiselag heisselskap, "turistkontor", energiselskap, kommuner, regionalt/stat nivå
- Konsentrert utbygging, "levende" gågater og delvis bilfritt.
- Utfordring m.o.t. sentrale og regionale styresmakter, spesielt i miljøspørsmål.
- Skibuss, betalt av fellesskapet og regionen. Viktig konkurransefortrinn, og miljøfaktor.
- Sesongarbeidere ein viktig forutsetning. Stor vekt på gjestfridom og service.
- Vertskapsrolla, meget sentralt i alle ledd

Oppsummering.

Hemsedal med ein utenlandsmarknad på 50 % må utvikle eit enda betre "totalprodukt" enn våre konkurrenter for å kompensere for avstand til marknad og eit dårleg samferdselstilbod.

Kvalitet i alle ledd - frå velkomst til avreise vert ei sentral utfordring !

Det vert i løpet av april arrangert eit opent frukostmøte for å sette meir ord på kommuna sine opplevingar, -så fort studierapport og bilete ligg føre.





Opnare Hallingdal

Attgroing er ei av dei største utfordringane også Hemsedal opplever. Utsikt til vakkert natur- og kulturlandskap vert truga. Dette er spesielt utfordrande for ei reiselivsbygd som Hemsedal, men også for Hallingdal som region.

Buskerud Fylkeskommune har teke initiativ til eit pilotprosjekt som skal sikre turistar og andre vegfarande gode, opplevelsrike, og trygge reiser langs riksvegane.

Målet er å utvikle samarbeidsmodeller som sikrer varig og systematisk rydding og skjøtsel av landskapet langs prioriterte strekningar av hovudvegnettet.

Hallingdal er plukka ut som ein av 3 pilotar i Buskerud, og Hemsedal kommune er deltaker i prosjektet. Gjennom året håpar ein å få kontakt med aktuelle grunneigarar for å avklare om ein kan få rydda/ hogd langs RV- 52 i første omgang, og få etablert skjøtelsavtaler som hindrer attgroing. Det er små midler, og kamp om ressursane, men ein håper at arbeidet vil hauste erfaring og kunnskap som kan overføres til øvrig kulturlandskapspleie og skjøtsel,- ikkje berre langs vegane.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Ola K. Frogner tlf. 31 40 88 00 eller send e-post:

ola.frogner@hemsedal.kommune.no

* Skattekontoret *



Skatt Sør

I samband med innlevering av sjølvmeldinga, blir skattekontoret i Hemsedal i tillegg til torsdagar opent for publikum desse datoane:

Tysdag 14. april, tysdag 21.april, tysdag 28.april Kl 09.00 – 15.00

Skattekontoret i Gol opent som vanleg alle dagar måndag – fredag kl 09.00 – 15.00.

* Kyrkja *



Gudstenester i Hemsedal kyrkje og Lykkja kapell:

9. april – Skjærtorsdag
LYKKJA KAPELL KL.15.00
Høgmesse

10. april – Langfredag
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Pasjonsmesse

12. april – 1. påskedag
LYKKJA KAPELL KL.11.00
Gudsteneste
HEMSEDAL BYGDAHEIM KL.17.30
Påskeandakt
HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30
Høgtidsgudsteneste

26. april
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste

* Kva skjer *



Trøllkveld for vaksne

Bygdafolk fortel

Hemsedal bibliotek

måndag 6. april klokka 20.00

"Vassfaret. Natur, dyr, folk og historie".

Magne Akervold kjem denne måndagskvelden for å fortelja om Vassfaret og boka han og broren Ola K. har skrive om folket og livet der inne.

Brødrene har skildra livet til stølsfolk, bjørnejegarar og andre som livnærte seg i Vassfaret. Boka fortel om dei fire fyrste familiene som budde der inne frå 1760-talet – og om Berte Skrukkefyllhaugen som låste døra for godt i 1921.

Vassfarets betydning under krigen er det òg skrive om.

Lokale jakthistorier og god musikk vert det sjølv sagt også når det er trøllkveld for vaksne!

Kaffi og kaku.
Inngang kr 60,-.

Velkomen!



Friskliv Hemsedal

Vi minner om frisklivstreninga
måndagar og torsdagar i
Trøimshallen.

Gratis frisklivstrening i Trøimshallen:

Måndagar: 15:10–16:15 Step og styrke
(NB: Merk tida)

Instruktør: Charlotte Andersson

Torsdagar: 15:15–16:15 Styrke og bevegelighet

Instruktør: Ole Petter Espe

**NB! Torsdag 9. april (skjærtorsdag) og
måndag 13. april (2. påskedag) blir det ikkje
trim.**

Frisklivstrimmen er eit lågterskeltilbod til **alle** innbyggjarane i Hemsedal.

Trimmen blir lagt opp slik at alle skal kunne delta i sitt tempo.

Helsing Friskliv Hemsedal
v/Ole Petter Espe
Tlf: 970 58 829



Hemsedal Frivillighetssentral har fått ny logo og endra navnet sitt til

Hemsedal Frivilligsentral,
tlf. 32 06 02 31



Hemsedal Historielag

MØTEKVELD

**Fredag 17. april kl 19.00 på
Helselagshuset**

Hemsedal og Ål har hatt mykje med kvarandre å gjera gjennom tidene. Oftast har det vore til det gode, men det har også vore usemje og strid.

Thor Warberg har hatt hovudansvaret for tibindsverket om Åls historie. No kjem han i historielaget og kåserer, særleg om hopehavet mellom Ål og Hemsedal.

Som vanleg blir det kaffi/te og god servering.

Vel møtt!

Styret



Hemsedal Mållag

**Årsmøte og dialektmøte
15. april kl 19.00 på
Helselagshuset**

I Valdres har dei gjort mykje meir for å ta vare på talemålet sitt enn her i Hallingdal. Utsendingar derifrå kjem hit for å fortelja om dette og vera med og kviste ut kursen for dialektarbeidet i Hemsedal.

Ikkje-medlemmer er også velkomne. Etter dette blir det servering, utdeling av Målblomen og vanlege årsmøtesaker.

”Hemsedalsmålet – ord og uttrykk”

Ordboka for alle som er interesserte i Hemsedals-dialekten er framleis å få.

200 sider innbunde bok – kr 150,-
(pluss porto om du ynskjer å få boka tilsendt).

Skriv eller ring til Norvald Lirhus, 3560 Hemsedal,
tlf 32 06 01 00, eller send e-post til:

k.snerte@online.no.



Fram med hemsedalsmålet!

Hemsedal Mållag skal laga T-skjorter på dialekt!

Me tenkjer oss *minst* to utgåver – ei for den unge garde og ei for dei som vil vera mindre ungdommelege.

No utfordrar me alle i Hemsedal til å koma med forslag til tekst som skal trykkjast på skjortene. Det må vera på ekte hemsedalsmål og på ein eller annan måte ha med Hemsedal eller hemse-døler å gjera. Skjortene skal vera med og bygge ein Hemsedals-identitet.

Det betyr ikkje at dei skal vera saklege og trauste. Tvert imot – dei kan vera sprelske, morosame eller sjølironiske (“E æ frå Hemsedal e, gu’bære”).

Bruk gjerne ordboka ”Hemsedalsmålet”, snakk med kjenningar og vener og finn eit slåande uttrykk/ein slåande setning – kort eller litt lengre (2-8 ord).

Dette blir moro!

Send inn forslaga dine **innan 15. april** til Kjell Snerte, 3560 Hemsedal, eller på e-post
k.snerte@online.no

Premiar til dei beste forslaga!



Hemsedal Normisjon

normisjon **Velkommen til samlingane i april:**

- 01.04.09:** kl. 17.00- Bønnevandring
kl. 20.00: På Bedehuset, Ulsåk
- 05.04.09:** kl. 19.00 Palmesundag
"Det store rom med dei gode grensene" Humor-show, inspirasjon og konsert med "Han innte" (Torolf Nordbø)
På Kyrkjestugo
- 09.04.09:** kl. 19.30: Skjærtorsdagssamling
På Bedehuset, Ulsåk
- 14.04.09:** kl. 19.00: Norpilot-kurs
På Bedehuset, Ulsåk
- 15.04.09:** kl. 17.00- Bønnevandring
kl. 20.00: På Bedehuset, Ulsåk
- 19.04.09:** kl. 19.30: Lovsangskveld
På Kyrkjestugo
- 22.04.09:** kl. 17.00- Bønnevandring
kl. 20.00: På Bedehuset, Ulsåk
- 29.04.09:** kl. 17.00- Bønnevandring
kl. 20.00: På Bedehuset, Ulsåk
- 30.04.09:** kl. 19.30 Møte m/Kåre Vølstad
Sjå www.hemsedalnormisjon.org for meir



Storsamling på Kyrkjestugo

Fredag 27.03 kl 17:30.
(Merk at tida er endra!)

normisjon Kari Foss, forfatter, predikant og tidlegare dagleg leiar av OASE, talar.

Foss har mellom anna skrive boka *Disipler som ble*, med fokus på kvinne-disiplane vi møter i Bibelen, og vil tale om nokre av desse.

Samlinga tek til med middag.

Eige opplegg for ungane under talen. Kollekt.

Arrangør: Hemsedal Normisjon



Hugsadheim – Vaktmeister

Kunne du tenkje deg jobben som vaktmeister på ungdomshuset vårt? Fri leilighet følgjer med jobben.

Ta snarast kontakt med:

Vaktmeister Bjørn Arild Karlsen, tlf 413 77 288,
Ola Rusto, tlf 907 38 200 eller
leiar Rine Børresen, tlf 477 55 644



Akekonkurrans i Lio

Sundag 29.mars 2009

Velkomen til Samhald Ungdomslag sin årlege akekonkurransen på Liojordet (hjá Ola og Tove Lien).

Klasseinndeling: 0-7 år, 8-12 år, 13-100 år
Det blir premiering til alle og pokal i dei to eldste klassane.

Ta med deg heile familien, naboane dine og andre kjente, så sjåast me i Lio søndag 29. mars!
Ta gjerne med niste og sitteunderlag.

Påmelding frå kl 12.00

Start kl 12.30

Startkontigent kr 30,- pr. pers, kr 100,- pr familie inkludert enkel servering (bolle og varm saft).

Vel møtt til ein triveleg akedag!

Samhald Ungdomslag



Hemsedal Husflidslag

Måndag 30.03.09 kl 18.30

på Stugu, 2. etg., blir det demonstrasjon av Janome symaskiner.

Terje Breie kommer med fleire modellar.

Vel møtt!

Husflidskafè

torsdag 23.04.09 kl 18.00 – 21.00

på Stugu, 2. etg.

Tema veit vi ikkje enno, men ta med noko hånarbeid de har: strikking, brodering etc.
Servering. Vel møtt!



Røde Fjær Aksjonen

Hemsedal Lions Klubb er med på den landsomfattande Røde Fjær aksjonen

sundag 19. april frå kl 15.00 - 18.00.

Det vil koma bøssebærarar til dei fleste av kommunen sine husstandar, og vi håper dei blir tatt godt imot.

Aksjonen går denne gongen til Hurdalssenteret for Blinde og Svaksynte, og målet er å få inn ca 50 mill kroner på landsbasis.

Vær med - Støtt Røde Fjær!



* Hemsedal IL *



Trimgruppas treninger:

Trening i Trøimshallen:

Tysdag: 16.30-17.45 step
Onsdag: 18.30-19.45 Boxaerobic
Torsdag: 20.15-21.30 Step/styrke/intervall
I uke 15 påskeuken kjører vi kun tysdag og onsdag.

Spinning i Klubbhuset ved kunstgressbanen:

Måndag: 18.00-19.00
Tysdag: 06.30-07.30
Tysdag: 19.30-20.30
Onsdag: 16.30-17.30
Torsdag: 07.00-07.45
Torsdag: 17.00-18.00
Lørdag: 09.30-10.30 eller 16.30-17.30

I uke 15 (påskeuken) kjører vi eget påske-program:

Onsdag: 8/4 17.30-18.30
Torsdag: 9/4 17.00-18.30
Fredag: 10/4 15.00-16.00
Lørdag: 11/4 16.30-17.30



Tine fotballskole 2009

Årets fotballskole blir arrangert **lørdag 20. - mandag 22. juni**, og egner seg for spillerne fra 1.-7. klasse. Mer informasjon om pris og påmelding kommer senere.

"Jansen" vil være ansvarlig for gjennomføringen slik som tidligere år.

Fotballgruppa

HEMSEDAL ALPINGRUPPA

ønsker å invitere **ALLE** som er interesserte i alpingruppas fremtid til møte **onsdag 1. april kl 19.00** på Skistua i skisenteret.

- Mål og visjoner for alpingruppa?
 - Hvordan skal vi nå de?
- Servering av kaffe og wienerbrød!

Velkommen!

* Hemsedal Turistkontor *

Arrangement i Hemsedal mars-mai

28-29.3. Bergans Mountain Challenge – toppturfestival

Påskeprogram:

- 4.4.** Hemsedal Vintergolfturnering i Grøndalen
 - 4.4.** P4 Vinterlyd – gratis konsert med Karpe Diem og William Hut i Hemsedal Skisenter
 - 4.-5.4.** Sk´easy Workshop i Solheisen
 - 4.-6.4.** Skicamp i Solheisen - storlålåmtrening
 - 8.4.** Påskeskirenn I Solheisen skisenter
 - 8.-10.4.** Påskecup i Hemsedal Skisenter – utfor, storlålåm og parallellcup for alle aldre, ski og snowboard.
 - 9.4.** Hemsedalsrennet – langrennsløp på Gravset
 - 9.4.** Påskehopprenn i Solheisen
 - 11.4.** Påskeslålåmrenn i Solheisen
 - 17.-19.4.** Burton Glory Daze finale slope style i snowboard
 - 24.-25.4.** SKI4FUN – FIS avslutning med Norges alpinstjerner
 - 25.4.** Barnas skifestival
 - 25.4.** Hemsedal Heroes – snowboard parkevent
 - 30.4.-3.5.** 1. maifestivalen big jump konkurranse, Postgirobygget, Paperboyz, Chris Lee m.fl.
- Sommeraktivetsguiden** kan hentes i butikkene fra påske!





Hemsedal kommune
Kunngjering
Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtedato: torsdag 2. april

Tid: 19.00

Før møte: Folkets spørjetime

Etter møte: Open post

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær / tenestetorget på telefon 31 40 88 00.
Varamedlemmer møter kun etter nærmare avtale.

Dokumenter er lagt ut til ålment gjennomsyn i tenestetorget på kommunehuset, biblioteket og www.hemsedal.kommune.no

SAKLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr.	Tittel
11/09	09/000	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
12/09	09/000	MELDINGAR
13/09	08/696	MELLOMBELS UTVIDING AV UTANDØRS SKJENKEAREAL – SØKNAD GARASJEN AS
14/09	09/525	HEMSEDAL ENERGI KF – REVIDERING AV VEDTEKTER
15/09	09/485	JUSTERING AV VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDS- ORDNINGA (SFO) I HEMSEDAL KOMMUNE
16/09	09/256	JUSTERING AV VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I HEMSEDAL KOMMUNE
17/09	09/458	FELLES BARNEVERN I HALLINGDAL
18/09	09/187	ENDRING AV FRIBELØP OG EIGENDEL FOR KOMMUNAL PLEIE- OG OMSORGSTENESTE
19/09	09/459	OMSORGSBUSTADER
20/09	09/281	BASSENGPROSJEKT HEMSEDAL KOMMUNE
21/09	09/186	KOMPETANSEBYGGING/BRUK AV NÆRINGSFOND
22/09	08/34	SPESIALPEDAGOGISKE TILTAK VED ULSÅK SKULE Ofi §13

Hemsedal, 26.03.09

Oddvar Grøthe
ordfører
(sign.)

